



KVINNHERAD
K O M M U N E

Vatn og avløp

KVINNHERAD KOMMUNE

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Egil Eide	993 56 126	2024/1779-9	Grethe Sandvik – 2024/1779	07.03.2025

Informasjon om ny spillvassleidning over 81/148 og 81/147

Rosendal Hyttetun v/Kroka Eigedom AS skal kopla avløpet sitt til kommunalt avløpsanlegg. Tilkoplingspunktet ligg i Neslia byggefelt. Kroka Eigedom AS skal etablera den nye spillvassleidningen (avløp) frå Rosendal Hyttetun sine bygg og over til den kommunale leidningen, og vil vera ansvarleg for å:

- gjennomføra dialog og inngå grunnavtalar med grunneigarane.
- vera tiltakshavar for utføringa av grave/røyr- arbeidet.
- setja terreng tilbake til minst like god stand som før arbeidet tok til.
- levera dokumentasjon på utført arbeid til kommunen.
- gjennomføra ferdigsynfaring der kommunen er deltakar.

Etter at anlegget er ferdig utbygd og godkjent (av kommunen og grunneigarar) skal deler av anlegget (lengst sør) overleverast til kommunen v/Eining for vatn og avløp. Kommunen vil i samband med dette overta eigarskap på deler av leidningen med tilhøyrande grunnavtalar som Kroka Eigedom AS har inngått med grunneigarane på det aktuelle leidnings strekket.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Egil Eide
Einingsleiar Vatn og avløp

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:
KROKA EIGEDOM AS

Ospelunden 16